

# Kunnskapsinnhenting for sameksistens mellom fiskeri- og havvindnæring - Kva er relevant kunnskap frå fiskarar?

Nils-Roar Hareide<sup>1</sup>, Anne Christine Utne Palm<sup>2</sup>

<sup>1</sup> Runde Miljøseniter, Rundavegen 237 6096Runde

<sup>2</sup> Havforskningsinstituttet, Postboks 1870 Nordnes, NO-5817 Bergen, Norge

Kontakt: [nilsroar@rundecentre.no](mailto:nilsroar@rundecentre.no)

Det er stor forventning til Havvind som framtidig energiressurs, både nasjonalt, men ikkje minst internasjonalt (EU), med ein forventa produksjon på 450 GW i Nordsjøen innan 2050. Havvind blir peikt på som ein moglegheit for Norge. I juni 2020 vart det åpna opp for at det kan søkast om konsesjon for bygging av havvind på områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II. Hywind Tampen, den første flytande vindpark i Norge er under bygging på austsida av fiskebanken Tampen i Nordsjøen. Fleire område som peiker seg ut som eigna område for havvind er også godt etablerte fiskeplassar, og det er ikkje godt nok kjent kva for konsekvens havvind kan ha for fiskeria i desse områda.

Havforskningsinstituttet gjennomfører saman med Fiskeridirektoratet, Sintef, UIB og Runde Miljøseniter eit prosjekt som har som mål å kartlegge eksisterande kunnskap og erfaringar om effektar og konsekvensar av etablering av havvind for norsk fiskerinæring. Prosjektet er finansiert av FHF – (Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering), Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet.

Aktiviteten til den norske fiskefartøy med lengde over 15 meter er godt kartlagt ved hjelp av satellitt-sporing, elektroniske fangstdagbøker og landingsdata frå fiskesalgsloga. Dette er data som Fiskeridirektoratet lagrar og systematiserer slik at ein kan få god oversikt over kvar fiskeria blir drivne og kor mykje som blir fiska av ulike artar.

Desse datene gir god oversikt over dei områda der det foregår kommersielt fiske. Denne informasjonen vil gi eit godt grunnlag for å definere område der det kan bli konflikt mellom fiskeriaktivitet og vindkraftutbygging. Havforskningsinstituttet har samtal mykje informasjon om gyte og leveområde til dei fleste av fiskeartane i norske farvatn. Til tross for dette er der ein del artar som ikkje er godt beskrivne. Fiskerane har ein del informasjon som kan belyse dette. Dette gjeld til dømes lange og brosme og ein del artar som ikkje er av dei mest kommersielt viktige. Leveområda og gyteområda til ein del artar som er særleg viktig i næringskjeda og dermed økosystemet i havet er lite kjent. Eit døme på ein desse artane er havsil (tobis) (*Ammodytes marinus*). Den er sterkt knytt til sandholdig sediment. Slike område er det svært mange av i norske farvatn, men dei er lite kartlagd. Ved hjelp av detaljerte sedimentkart (marine grunnkart), kart frå Mareano prosjektet og informasjon frå fiskarar er ein i stand til å kartlegge leveområde og gyteområde for denne viktige «nøkkelarten».

I intervju med fiskarane er det fokus på å samle inn den erfaringsbaserte informasjonen som fiskarane har opparbeidd seg.

- Fiskemønster
- Målar
- Fangstansamsetning på ulike felt og djupner
- Leveområde og gyteområde for ulike fiskeslag
- Botntilhøve, sand, korall,
- Vrak, stein og andre hindringar
- Straum
- Erfaringar med fiske rundt faststående installasjonar, slik som oljeplattformer etc.
- Data frå skipperane sine eigne plotterar
- Innspel om korleis vindanlegga kan best mogleg tilpassast til fiskeriaktiviteten i eit område.

Resultat frå undersøkingane har vist at mange skipperar har svært god og detaljert informasjon om fiskeoperasjonane sine. Denne informasjonen er eit viktig tilskot til kunnskapsgrunnlaget som er under utvikling for sameksistens mellom fiskeri- og havvindnæring.